



Gutar 12 frå Uskedalen vann pulja si i Bø.

I år var det berre eit lag fra Uskedalen på Bø cup, nemleg G12. Laget består av gutar som er 11,12 og 13 år. Skal vi få nok til eit lag, må alle med. Vi hadde spelt 6 kampar i serien før vi reiste til Bø. Det har resultert i 5 sigrar og ein uavgjort, så vi kom ubeseira til cupen.

Lørdagen starta med kamp mot Geithus i nye gensarar sponsa av Brødrene Musland. Tusen takk for gensaran. Ddet er kjekt at dåke gjer dette for gutane. Dei set stor pris på det. Begge brødrene Musland var med, så her kunne vi takka for gensarane med flott spel også. Og det gjorde vi. Kampen vann vi 4-3. Så avslutta vi lørdagen på best mogeleg måte då vi vann 8-0 over Gjerstad.

Lørdagskvelden kosa både spelarar og foreldre seg med quiz i lag.

Søndagen starta med kamp på morgonen mot Birkenes 2 som hadde like mange poeng som oss. Så dette blei ein slags finale, og sidan vi hadde laga fleire mål enn dei, heldt det med uavgjort for oss i denne kampen. Det starta bra med godt press og sjansar. Men så fekk vi eit mål i mot, men detta prella av gutane.

Etter flott spel fekk vi og eit mål, og det var likt igjen. Etter pausen fekk vi eit nytt mål i mot. Men vi hadde kome til Bø ubeseira og vi skulle reisa heim på samme måte. Så vi kjempa på igjen og klarte å laga eit mål til, så det slutta 2-2. Og vi vann pulja vår, i denne årsklassen er det ikkje sluttspel så det enda her.

Resten av søndagen var nokre av gutane i klatreparken der dei fekk prøvd seg i nye høgder.

I fjor vann vi også alle kampene våres i Bø cup, så vi har eit godt lag på gang. Heimakampene våres spelar vi på Heio, så det er berre å koma å sjå på oss.

Men det er lenge til neste heimakamp. Det er ikkje før 29 august mot Rosendal. Takk for ein flott tur og Cup.

Tekst/foto: Trond Myklebust
 Nett: Kristian Bringedal